



Distriktsenteret

Lokalt utviklingsarbeid



Innhold

- s. 3 Direktøren har ordet
- s. 4 Saksessrike kommunar tenkjer breitt og heilt
- s. 6 Menneske viktigare enn planar og organisering
- s. 8 Eldsjeler med forandringskraft
- s. 10 Endra bu- og jobbmønster utfordrar kommunen
- s. 12 Avgjerande innvandring
- s. 14 Få innbyggjarane til å bli
- s. 16 Hus er nøkkelen til utvikling
- s. 18 Tilsette
- s. 19 Distriktsenteret sine utgreiingar

Om dette heftet

Dette heftet oppsummerer deler av kunnskapen Distriktsenteret har om gode grep i lokalt utviklingsarbeid. Kunnskapen er bygd opp gjennom møte med kommunane og andre utviklingsaktørar – og gjennom forsking. Det vi presenterer her er innspel til gode grep og retningar. Her har vi sett saman den erfaringsbaserte og den forskningsbaserte kunnskapen.



Utviklingsarbeid sett i samanheng

Direktør Halvor Holmlia
(Foto: Johan Arnt Nesgård)

Arbeid for attraktive lokalsamfunn har stått på dagsordenen hjå norske distriktskommunar i ei årrekke. Statlege, fylkeskommunale og kommunale rammer, initiativ og program har vore viktige verkemiddel for å fremje den lokale vekstkrafa og kreativiteten. Uavhengig av politisk styre har vi opp gjennom åra hatt eit mål om å ta heile landet i bruk, og gjere det muleg å bu og arbeide der ein ønskjer.

I Distriktsenteret er vi så heldige at vi får sjå utviklingsarbeidet i mange kommunar frå utsida – og at vi i ein del kommunar får sjå nærrare på arbeidsmåtane og resultata. Gjennom åra har vi bygd opp eit omfattande kunnskapsgrunnlag om utviklingsarbeidet som vert gjort. Når vi gir råd eller rettleiing, byggjer det ikkje berre på kommunane sine praktiske erfaringar, men på at vi har sett erfaringane saman med forsking på områda, for å kunne gje tydelegare signal om kva som har effekt og kven det er lurt å hente inspirasjon frå.

Vi ser at det mest vellukka utviklingsarbeidet kjem gjennom heilskapstenking og ei nettverksbygging som ikkje lar seg hindre av sektorsamfunnet. Ofte heng tiltak som vert sett ut i livet for dårleg saman. Når det offentlege, næringslivet og organisasjonslivet samarbeider godt og ser forbi etablerte skiljer, tek utviklinga nye steg framover. Samstundes ser vi at enkeltpersonar og eldsjeler med forandringskraft må få tillit og handlingsrom. Dei er avgjeraande for å få ting til å skje.

Samfunnet er i endring. Sjølv med store satsingar på å gjere det mogleg for folk å bu i Distrikts-Norge, trekk folk mot byane. Teknologi, næringsstruktur og utdanningsbilete gjer folk meir fleksible til å søkje utfordringar der dei vil, og å ikkje berre prioritere arbeid. Sterke regionssenter vil vere avgjeraande for å sikre at busetnaden held seg spreidd.

Noreg er i medvind, og i svært mange kommunar veks folketalet. Ulike former for innvandring står for mykje av veksten, og mange distriktskommunar er avhengige av den for å oppretthalde folketalet. Innvandrarar kjem med kompetanse og ressursar vi kan gjere mykje for å ta betre i bruk.

Store deler av landet har bustadmangel. Byane har press på grunn av stor tilflytting. Elles i landet er utfordringane svært samansette. Hus vert nytta som feriebustad, og sjølv om mykje står tomt store deler av året, er det ikkje bustader ledige. Mange stader er det ein ikkje-fungerande bustadmarknad som gjer det svært vanskeleg å bygge nytt.

Dette heftet gir nokre innspel på desse områda. På distriktsenteret.no og hos rådgjevarane våre er det endå meir å hente.



Suksessrike kommunar tenkjer breitt og heilt

Kvifor lukkast nokre kommunar betre enn andre med næringsliv og folketalsauke? Det handlar om å tenkje heilt og ikkje i båsar.

Kommunane må tenkje meir heilskapleg, ikkje lage skilje mellom næringsutvikling, bustadpolitikk eller ungdomsarbeid. Alt heng i hop.

Finn den lokale styrken

- Kommunen må definere sine fortrinn og stadtqvilitetar. Dei må basere framtidig utvikling på mulegheiter lokalt. Mange kommunar jobbar for befolningsvekst og tilrettelegging for nye tilflyttarar. Her er det ikkje nok å ha fokus på utvikling av arbeidsplasser. Ein må også ha eit variert bustadtilbod som er tilpassa behovet til dei som kjem. Skal ein få folk til å bli verande,

må staden ha møteplassar og fritidstilbod som gjer at dei som kjem trivast og føler seg inkludert i lokalsamfunnet, seier rådgjevar Birte Fossheim. Ho har fått god oversikt over tilstanden i kommunane rundt om i landet gjennom arbeidet sitt i Distriktsenteret.

Kommunen har ansvar for utviklingskulturen

- Det er ikkje tenkt at kommuneadministrasjonen skal ta ansvar for dette arbeidet åleine. Den politiske og administrative leiringa i kommunen må ta ansvar for utviklingsarbeidet, noe som i stor grad handlar om å

stimulere og støtte opp om lokal utviklingskultur. Dette kan kommunen gjøre ved å legge til rette for samspel og nettverk mellom næringsliv, frivillig sektor og eldsjeler som er viktige ressursar for kommunen i utviklingsarbeidet.

Utvikling tek tid

- Omdømmeskulen, som Distriktsenteret gjennomfører årleg, legg vekt på denne heilskapen i lokal utvikling, seier Fossheim. - Omdømme er resultatet kommunen får av å jobbe godt med lokal utvikling i samspel med innbyggjarane. Vi har mange kommunar som er gode eksempel på ein slik arbeidsmetodikk.

*Ulsteinvik fekk prisen «Noregs mest attraktive stad» i 2012. Juryen la mellom anna vekt på samspelet mellom næringsliv, frivillig sektor og kommunen.
(Foto: Distriktsenteret)*

Eldsjeler med forandringskraft må få tillit og friare tøylar. Samstundes må det offentlege, næringslivet og organisasjonslivet samarbeide godt.





Kva skal til for å ha suksess?

Fire kjenneteikn ved distriktskommunar som lukkast med eiga utvikling er:

- Dei har ein offensiv og optimistisk utviklingskultur
- Det er kort veg mellom idear og avgjersle
- Lokale eldsjeler har stor verdi
- Kommunen er flink til å fange sjansane som byr seg

Nyttig lesestoff:

- *Suksessrike distriktskommuner – En studie av kjennetegn ved 15 norske distriktskommuner (2012)* Telemarksforskning
- *Samarbeid mellom kommuner og frivillig sektor på pleie- og omsorgsfeltet – en kartlegging (2012)* Trøndelag Forskning og Utvikling
- *Langtidseffekter av omstillingssarbeid (2010)* Trøndelag Forskning og Utvikling
- *Kommunikasjon uavhengig av stad (2012)* Vestlandsforskning
- *Regionale aktørar sitt arbeid med bygde- og lokalsamfunnsutvikling på Vestlandet (2011)* Møreforsking, Høgskulen i Volda.

Menneske viktigare enn planar og organisering

**Det finst ikkje ei oppskrift for å lukkast med nærings- og samfunnsutvikling.
Men det finst nokre fellestrekk hos dei mest suksessrike kommunane.**

Ein suksessrik kommune er ikkje kjenne-teikna av ein bestemt måte å organisere utviklingsarbeidet på. Gode nærings- og samfunnsplanar treng heller ikkje vere grunnen til at utviklingsarbeidet går godt. Eit sentralt fellestrekk er enkeltpersonar med forandringskraft.

Grip sjansen

Suksess kjem ofte ut av eigenskapar enkelt-personar har. Samhandlinga mellom personar på tvers av kommunal, privat og frivillig sektor har også svært mykje å seie. Det handlar om at eldsjeler med forandringskraft får tillit og handlingsrom, og det handlar om at staden har ein offensiv utviklingskultur. Då er det også avgjerande at ein har fleksible organisasjonar og opne samfunn som evnar å gripe dei gode sjansane som byr seg.

Rådgjevar Torbjørn Wekre har sett mykje på korleis kommunane arbeider med næringsutvikling.

- Dei siste åra har vi sett at mange kommunar koplar arbeidet med næringsutvikling til brei samfunnsutvikling. Kommunale og regionale utviklingsstrategiar vert smeltediglar for stadattraktivitet, stadutvikling, blyst, rekruttering av kompetanse og arbeidskraft, nyskaping og omdømmebygging, fortel han.

Ikkje berre ei stilling

- Det er fleire grunnar til dette. Den viktigaste er kanskje at mangel på arbeidskraft og kompetanse i mange kommunar og regionar kjennest som den største flaskehalsen for utvikling.


Wekre seier at det då må meir til enn å ha tilrettelagde industritoromer. Målretta, systematisk og heilskapleg arbeid med brei

samfunnsutvikling over lang tid er like viktig.

- Då blir ikkje næringsutvikling berre ein jobb for ein næringskonsulent i heil eller halv stilling. Då må eldsjeler både i kommunens organisasjon, i næringslivet og elles i lokal-samfunnet få sleppe til med sine idear og si handlekraft.

Nyttig lesestoff:

- *Suksessrike distriktskommuner – En studie av kjennetegn ved 15 norske distriktskommuner (2012) Telemarksforskning*
- *Sårbarhetsanalysen 2012 (2012) Telemarksforskning*
- *Kommunikasjon uavhengig av stad (2012) Vestlandsforskning*



Vikna har hatt ein kraftig vekst i talet på teknologiarbeidsplassar. Det er ikkje flaks, men resultatet av systematisk og målretta satsing kombinert med enkelpersonar sine eigenskapar, relasjonar, den lokale utviklingskulturen, nettverk og kontaktar.

Dei siste åra har Hitra hatt god utvikling med både befolkningsvekst, verdiskaping og besøksnæringane. Kommuneleiinga fortel at dei har fått det til ved hjelp av dyktige og dristige menneske, god samhandling mellom kommune og næringssliv og fråvere av småkongar. (Foto: Trond J. Strøm)

Lokale utviklingsaktørar snakkar i dag om «Evjeløy-singa», der mindre pengar blir kompensert med kompetanse, relevant og levande nettverk, erfaring og tillit. Evje og Hornes har gått frå å vere forsvars-kommune til å ha eit mangfaldig næringsliv.



Eldsjeler med forandringskraft

2012 var det året ein eigen eldsjelpolitikk vart etterlyst. Ulike studie stadfesta at eldsjeler er ein viktig faktor for ein offensiv utviklingskultur i lokalsamfunna.

Kommunane er avhengige av eldsjelene, som ofte ikkje får anna løn enn takksemd. Difor er det avgjerande at kommunane forstår verdiens av å gje eldsjeler tillit og handlingsrommet dei treng for å kunne vere ein skilnad. Distriktsenteret har gjennom fleire studie sett verdien eldsjeler har for at eit lokalsamfunn skal lukkast med utvikling.

Suksessrike kommunar

Telemarksforsking i samarbeid med Sintef, jakta på suksessformlar blant kommunar som skåra høgt på næringsutvikling og tilflytting. Studien slår fast at suksess i stor grad handlar om eigenskapar ved enkeltpersonar og kvaliteten på samhandling mellom personar på tvers av både kommunal, privat og frivillig sektor. Det handlar mellom anna om tillit og handlingsrom for eldsjeler med endringskraft, om ein offensiv utviklingskultur og "stedets ånd".

Frivillig-sentralen i Alta koordinerer innsatsen retta mot heimebuande eldre. Både praktiske oppgåver i heimen og matleveransar på ei 10 mil lang rute blir løyst gjennom samarbeid mellom kommune og frivillige.



Eldsjeler samarbeider med kommunen

Eldrebølgja vil råke distriktskommunane sterkt, og føre til auka utfordringar for det offentlege tenestetilbodet. Samstundes gjer mangel på kompetent arbeidskraft at kommunane kan få problem med å levere tenester som er så gode som brukarane vil ha dei.

Utan eldsjeler hadde mange tiltak som fører

til auka livskvalitet for personar med pleie- og omsorgsbehov, aldri blitt noko av.

- Eldsjelene, både blant dei frivillige og innan kommunal sektor, er den viktigaste årsaka til at ein lukkast med samarbeid, seier rådgjevar John Kåre Olsen.

Rauma & Rindal

Rindal og Rauma har i mange år jobba med



I Rauma er det formaliserte lokale utviklingsarbeidet knytta til ein merkevareprosess som starta i 2005, som året etter vart vedteken med visjonen «Rauma - Verdens beste kommune for naturglade mennesker».

- Å jobbe med utvikling er ingen åtte til fire-jobb, seier samfunnsutviklar Lisbeth Bygstad Celik i Eidfjord. Ofte er ho på jobb laurdagar og på kveldstid, for det er då næringsliv oglagsliv har tid å møte ho. (Foto: Agurtxane Concellon)

Nyttig lesestoff:

- Saksessrike distriktskommuner
- En studie av kjennetegn ved 15 norske distriktskommuner (2012) Telemarksforskning
- Samarbeid mellom kommuner og frivillig sektor på pleie- og om- sorgsfeltet – en kartlegging (2012) Trøndelag Forskning og utvikling
- Lokalt utviklingsarbeid - en vurdering av resultater og effekter i Rindal og Rauma kommune
- <http://www.distriktsenteret.no/ressurser/lokalt-utviklingsarbeid-en-vurdering-av-resultater-og-effekter-i-rindal-og-rauma-kommune>

samfunnsutvikling og satt i verk fleire tiltak. Dette arbeidet er blitt grundig studert. Målet har vore å undersøke om det går an å dokumentere effektar av utviklingsarbeidet til kommunane og om det kan fungere som tips og råd til andre kommunar.

Kort oppsummert: Skal utviklingsarbeidet ha noko verdi er det viktig at ein klarer å halde eit langsigkt fokus i arbeidet som blir

gjort: Gode opplevingar frå barndommen er til dømes viktig som grunnlag for om nokon vurderer å flytte attende til der dei vaks opp.

Å leite etter ein beste praksis som løyser utviklingsproblema til ein kommune er sannsynlegvis ein mislukka strategi. Utviklingsarbeidet må tilpassast dei lokale tilhøva og menneska på staden.



Endra bu- og jobbmønster utfordrar kommunen

Folk sitt forhold til jobb og heim har endra seg. Mobilitet skaper nye utfordringar og mulegheiter som kommunane må ta innover seg.

Namsskogan kommune i Nord-Trøndelag har forstått at samfunnseffektane av breiband ikkje nødvendigvis kjem av seg sjølv. Dei har satt i gang prosjektet "Fiber gir bolyst". Prosjektet tester og legg til rette for at utbygging av breiband skal gi gevinstar i eit av bygdesamfunna.

Fleire og fleire veks opp utan at dei er frå éin plass. Utdanning og arbeidsliv har ført til større mobilitet og identiteten vår vil i framtida handle meir om kva ein er, og ikkje kvar ein kjem frå.

- Arbeid, utdanning, underhaldning og bruk av tenester er i aukande grad uavhengig av stad, avstand og opningstider. Folk forventar å ha stabil og rask nettligang overalt. Vi forventar og at tenester og tilbod er tilpassa ein digital og mobil kvardag. Superbreiband gir gevinstar for distrikta og er viktig for å nå måla om å ta heile Noreg i bruk, sikre kompetansearbeidsplassar i distrikta og motverke digitale klassekilje, seierrådgjevar Lillian Hatling.

Arbeid uavhengig av stad

Dyrøy kommune i Midt-Troms har bulystprosjektet Stedsuavhengig arbeid. Staduavhengig arbeid og kontordeling er ein heller ny

trend. Den nye måten å arbeide på krev nye fysiske og virtuelle stader. Det trengst fleksible, tilgjengelege arbeidsrom med god digital infrastruktur som fungerer som inkubator for nettverksbygging, innovasjon og produksjon.

For å få på plass infrastrukturen, er pengar og organisering det kritiske. Men når det gjeld å hauste gevinstar av infrastrukturen, er det vilje og mot til å tenkje nytt og jobbe annleis som er kritisk. Både private og offentlege verksemder må utvikle strategiar for bruk av breiband.

Skal distrikta trekke til seg ung arbeidskraft, må dei i større grad leggje til rette for at arbeidsplassar blir konsentrert i regionsentrar. Dette gjeld spesielt for kompetansearbeidsplassar. Det må leggjast til rette for at den einskilde kan gjere karriere og vere i eit fagleg fellesskap. Langt fleire behov enn det å ha ei inntekt må tilfredsstilla. Det gjer at politikarar, byråkratar, næringsliv og andre samfunnsutviklarar må ha meir enn ein tanke i hovudet når dei skal leggje til rette for at folk skal trivast. Med andre ord: det er viktig å tenkje heilt og breitt.



Dei seks Nord-Tromskommunane Kvænangen, Nordreisa, Skjervøy, Kåfjord, Lyngen og Storfjord har eit felles prosjekt: Nord-Troms studiesenter. Det gir rom for at folk kan studere der dei bur, og er motoren for utvikling av kompetanse i regionen. Senteret byggjer relasjoner mellom næringsliv, offentleg sektor, fylkeskommune, fylkesmannen og utdanningsinstitusjonar. Alle kommunane har etablert studiebibliotek.

For mange er hytta blitt den andre heimen, der dei gjerne tek med seg jobben. Det stiller nye krav til kommunen der raskt breiband er nøkkelordet. (Foto: Dan-Erik Aggvin/Distriktsenteret)

Nyttig lesestoff:

- Kompetanseat arbeidsplasser – drivkraft for vekst i hele landet (NOU 2011:3)
- Second Homes i Norge – bidrag til en nordisk utredning (2011) Østlandsforskning
- Bosettingsvirkninger av regionale traineeordninger (2011) Ideas2evidence
- Pågående studie av tilflyttingsarbeid (Kjem i 2013), Ideas2evidence og NORUT
- Kommunikasjon uavhengig av stad (2012) Vestlandsforskning
- Samarbeid mellom kommuner og frivillig sektor på pleie- og omsorgsfeltet –

Herøy i Nordland fikk meir varig busetjing og folketalstekst vørst når dei satsa på bustadutvikling, systematisk kompetansekartlegging og integreringstiltak. Det krevst eit tett samarbeid mellom kommune og lokalt næringsliv for å få til ei slik utvikling. Innflyttarane Jelena og Dalia leier Møtestedet i Herøy.
(Foto: Distriktsenteret/Halvor Hilmersen)



NHOs Global
Future-program er eit godt eksempel på tiltak for å ta i bruk innvandrarar sin kompetanse. Majoriteten av deltakarane har fått jobbar dei er kvalifiserte for, starta egne verksamheter eller fått styreverv.

Avgjerande innvandring

Utan innvandring hadde mange fleire kommunar hatt folketalsnedgang. Jobb, eigen bustad, og deltaking i lokale aktivitetar er avgjerande for at tilflyttarar skal bli buande ein stad.

Mange tiltak vil vere viktige for både norske og utanlandske tilflyttarar. Mona Handeland og Marianne Solbakken i Distriktsenteret har sett på arbeidet mange kommunar gjer for begge desse gruppene, og seier at det er viktig å tenkje på dette som ein del av samfunnsplanlegginga i kommunane.

Bruk kompetansen

- Mangelen på kompetent arbeidskraft er ei utfordring for fleire næringer og regionar. Når nokon kjem, er det få som har ordningar for å kartleggje og ta i bruk kompetansen til tilflyttarane og deira ektefellar, fortel dei. - Det er dokumentert at mange, spesielt utanlandske tilflyttarar, ikkje får brukt kompetansen sin sjølv om det er behov for kompetansen der dei bur.

Nyttig lesestoff:

- *Derfor blir vi her – innvandrere i Distrikt-Norge (2012) NIBR*
- *Suksessrike distriktskommuner – En studie av kjennetegn ved 15 norske distriktskommuner (2012) Telemarksforsking*
- *Møte mellom internasjonalt arbeidsmarked og nasjonalt boligmarked (2012) NIBR og Fafo*

Det er mange som kan ta tak i utfordingane, og dei to rådgjevarane listar opp både kommunar, næringsliv og frivillige organisasjoner som viktige inkluderingsaktørar. Det handlar om å få dei som bur ein stad til å høyre til. Bustader, gode møteplassar, språkopplæring, deltaking i organisasjonslivet er viktige punkt her.

- Kommunane kan ikkje vente på at andre gjer jobben. Dei må sjølv gjøre ein stor del av innsatsen for å sikre utviklinga av sine lokalsamfunn.

Å høyre til

Behovet for å bli sett og å vere nokon betyr like mykje for alle innbyggjarar i ein kommune. For at innvandrarar skal få tilknyting til staden må dei møtest ope og aktivt og inviterast inn på både formelle og uformelle møteplassar.

Tilbod om billig eller gratis språkopplæring til innvandrarar som ønskjer å raskt bli gode i norsk, eit velkomstbrev, årlege velkomstfestar for nye innbyggjarar i kommunen og målretta heimesider på fleire språk er tiltak som er viktig for inkluderingsa. Dette er relativt enkle grep som kommunane kan setje i gang og som kan vise seg ha mykje å seie for nye tilflyttarar. Ei felles lokal rådgjevingsteneste for alle innvandrarar er eit anna tiltak som kan syte for at alle innvandrarar kan få naudsynt hjelp og rettleiing.

- Samfunnsplanlegginga i kommunane må ta høgd for eit mangfold av nye innbyggjarar. Vi veit at det må leggast til rette for at alle innvandrarar skal få moglegheit til å skaffe seg en skikkeleg plass å bu og å lære norsk. Det trengs tiltak som gjer at også dei trivst og blir godt inkludert i lokalsamfunnet. Lukkast kommunane med dette, blir det enklare for dei å halde på nye innbyggjarar og sårt tiltrengt arbeidskraft, forklarar Handeland og Solbakken.

Få innbyggjarane til å bli

Det er meir å hente på å satse på dei som kjem til kommunen enn å arbeide for å få folk til å flytte heim.

II Rauma og Rindal viser erfaringane at utviklingsarbeidet har hatt positiv innverknad på bulyst og identitet, sjølv om det er vanskeleg å telje kor mange innbyggjarar som har kome som resultat av satsingane.



Bygdelivsmeklaren i Vest-Tekmark er først og fremst ei førstelineteneste som gir støtte og råd til potensielle innflyttarar. Arbeidet har blitt meir retta mot å få sving på bustadmarknaden, det er etablert prøvebustad i Øyfjell, og det blir arbeidd meir med å få folk til å trivast.



Sogndal er i medvind og satsar på å kombinere fjellsport og kompetanse.
Foto: Stein Magne Os/
Distriktsenteret.

Svært mange kommunar har gjennomført tiltak med mål om å skape tilflytting. Slike arbeid kan ha innverknad på folk si avgjerd om å flytte. Likevel er det stort sett andre grunnar enn tilflyttingstiltak som får folk til å flytte. Arbeidet tek ofte utgangspunkt i å redde folketalsutviklinga. Løysinga blir ofte teken for gitt. Utan eit godt grunnarbeid som kan avdekkje dei verkelege behova og dei gode løysingane vil ein ikkje lukkast..


Distriktsenteret har følgt mange tilflyttings-tiltak. Fleire av desse har det også blitt forskap. Det er tydeleg at profilen på tilflyttingsarbeid har endra seg. Frå å lokke folk ved å selje «det gode liv på landet», er mange på veg mot eit arbeid som gjer at folk trivst og blir buande. Samtidig er det få som tek

omsyn til at det først og fremst er arbeidsinnvandrarane som står for veksten i folketalet.

Hjelp dei som treng det

Tilflyttingsarbeidet i norske kommunar framstår nokså smalt. Stort sett over alt er målgrupper og bodskap det same. Tilbakeflytтарar og småbarnsfamiliar av middelklassetypen er på toppen av rangstigen. Det hadde vore meir effektivt å målrette arbeidet mot dei som treng hjelp til å finne og etablere seg i eit nytt lokalsamfunn.

Å skape ein god stad å bu for alle er ei samansett oppgåve. Det er eit arbeid som mellom anna handlar om bustader, arbeidsplassar og å ta vare på dei som kjem. Jo tydlegare ein har avklart kva mål ein har og kven



som er målgruppa, jo lettare er det å finne ut kva kommunen bør satse på. Då vert det og lettare å finne ut om ein når måla sine.

Det er viktig å syte for å halde det ein lovar. Profilerer ein seg med idyll og småbruk, må det vere mogleg å skaffe seg småbruk. Slike ting kan virke sjølvsgate, men ikkje like lett å snappe opp utan skikkeleg grunnarbeid.

Våg å velje målgrupper

Vellukka tiltak byggjer på kunnskap om aktuelle tilflyttarar sine behov. Ein må våge å spesifisere målgrupper. Det vil ikkje seie at ein berre kan arbeide mot ei gruppe, men at tiltaka må vere tilpassa dei enkelte gruppene ein vel.


I tillegg er vellukka arbeid kjenneteikna av at ein har analysert og kjenner lokalsamfunnet sine behov, moglegheiter og flaskehalsar. Då ser ein og at det for lokalsamfunnet ofte handlar om å få tak i nok og riktig arbeidskraft.

Det er viktig at ein ikkje gløymer dei som alt bur på staden, og arbeider for å gjøre det attraktivt å bli buande. Arbeid for å styrke eigne innbyggjarar sin identitet og potensielle innflyttarar si oppfatning av moglege stader å bu må og vere basert på kunnskap som gjer at tiltaka kan vere målretta. Til det trengs det lokal kunnskap om arbeids- og bustadmarknad, tenestetilbod, bu og flytteprosessar og kunnskap om kommunikasjon.

Å stabilisere eller auke folketalet er ofte eit resultat av eit breitt samfunnsutviklingsarbeid. Slike mål kan ikkje kommunen nå åleine. Samarbeid med næringslivet, frivillige og kommunane rundt er avgjerdande.

Nyttig lesestoff:

- *Tilflytingsarbeid i norske distriktskommuner (2013) Ideas to evidence/NIBR*
- *Lokalt utviklingsarbeid – en vurdering av resultater og effekter i Rindal og Rauma kommune (2013) Trøndelag Forskning og Utvikling*
- *Derfor blir vi her – innvandrere i Distrikts-Norge (2012) NIBR*



Hus er nøkkelen til utvikling

Bustadpolitikk er i ferd med å få ein sterkare og heilt nødvendig plass i samfunnsplanlegginga. Det er mange måtar å løyse denne utfordringa på, men det krev eit breitt samarbeid mellom ulike samfunnsaktørar.

- Det skjer ein prosess i kommunane når det gjeld bustadpolitikk. Det er aukande interesse og kunnskap om kor viktig bustad er for vekst og lokal samfunnsutvikling. Rådgjevar Trude Risnes i Distriktsenteret har sett ei endring i korleis mange kommunar arbeider med bustadutvikling.

Frå problem til handling

– Prosessen har gått frå erkjenning av at det er eit problem: "Hjelp, vi har ikkje ledige hus!" via forståing av problemet: "Kvifor manglar vi hus?" og over til løysingar og handling: "Kva må kommunen og andre aktørar gjere saman?" Og ikkje minst; "Korleis gjer vi det?"

Gode døme på dette er at fleire kommunar no arbeider med bustadstrategiske planar, og at det er aukande etterspurnad etter kunnskapen og dei økonomiske verkemidla Husbanken rår over. Distriktsenteret samarbeider tett med Husbanken på dette feltet.

Hus har viktig rolle i stadutvikling

Framtidsretta bustadplanlegging krev at kommunen tek ei aktiv rolle i å styre utviklinga. Det er ikkje eit ansvar som må ligge til marknaden eller utbyggaraktørane åleine. Eit stikkord er å planlegge for mangfald. Kommunen må kjenne utviklingstrekk og korleis dette kan prege kommunen.

Regionale nettverk

Regionalt samarbeid er viktig for å løyse mangelen på kapasitet og kompetanse i små kommunar. I nordlandskommunane Gildeskål, Hamarøy og Beiarn vart det fart på sakene etter at bustadtemaet kom på dagsorden gjennom eit regionalt nettverks-samarbeid.

Hardanger jobbar aktivt og målretta gjennom den regionale satsinga Flytt til Hardanger. I Sør-Trøndelag har regionprogramma Kysten er klar og Blilyst etablert eit felles bustadpolitisk nettverk som arbeidsarena. Mykje det same skjer i Buskerud og Hed-

mark, med eit utval kommunar og fylkeskommunen som nav.

Seniorar på vandring

Flyttemønsteret syner flytting til tettstader og kommunesenter.

- Folk over 65 er også meir mobile og flyttar meir enn før, men mest innanfor kommunegrensene. Undersøkingar viser at mange ønskjer seg nærmare sentrumsfunksjonar, som butikk, busstopp, sosiale møtestader, legekontor. Dei ønskjer også mindre snømåking og hagearbeid. Kva skjer dersom bustadtildelten ikkje dekker ønskja og behova? Nokre flytter ut av kommunen. Andre blir buande, trass i kva dei eigentleg vil.

Einebustaden dei bur i, kan nettopp vere den bruktbustaden ein familie i etableringsfasen gjerne ønskjer seg. Utfordningane er samansette, og difor er det viktig at ein ikkje hoppar på dei første og beste tiltaka, men gjev seg tid til å forstå kva som truleg er dei beste tiltaka for den enkelte kommunen.



Hamarøy-modellen er ein godt dokumentert suksess, og er blitt eit omgrep. Satsinga resulterte i 40 nye bustader utan at kommunen auka bustadmassen eller fekk auka driftsutgifter.

Austevoll bygde opp to gjennomgangsbustader på eit lite øysamfunn. Grendefolket, gjennom stiftinga Møgster Bu, eig og driftar husa. Leigeinntektene dekkjer kostnadane. Samspel er nøkkelfaktor i denne satsinga.

Nyttig lesestoff:

- *Rural housing. Landbygdsboende i Sverige, Norge och Finland (2012)* Tilväxtanalys
- *Code bygg for eit betre samfunn (2013) Stortingsmelding*
- *Hamarøymodellen – Et boligpolitisk kinderegg for distriktene? (2013)* Husbanken

Nye einebustader er ikkje den einaste bustadtypen det er etterspurnad etter.

Også i distriktskommunar er behova ulike, og nokon ønskjer seg leilegheiter.

Foto: Scanstockphoto.com



Tilsette

**Halvor Holmlia**

Direktør
halvor.holmlia@kdu.no
481 68 271

**Steinar Fredheim**

Avdelingsleiar, Sogndal
steinar.fredheim@kdu.no
481 68 274

**Ingvill Dahl**

Avdelingsleiar, Alstahaug
ingvill.dahl@kdu.no
481 68 273

**Tove Damås**

Kontorsjef
tove.damas@kdu.no
481 68 272

**Dan-Erik Aggv**

Kommunikasjonsrådgjevar
dan-erik.aggv@kdu.no
924 77 147

**Aina Sofie Brox**

Rådgjevar, Alstahaug
aina-sofe.brox@kdu.no
911 86 680
Fylkeskontakt: Troms
Arbeider mest med:
Arbeidskraft og kompetanse

**Håvard Ese Eliassen**

Nettredaktør, Sogndal
håvard.eliasen@kdu.no
901 32 006

**Birte Fossheim**

Rådgjevar, Sogndal
birte.fossheim@kdu.no
924 77 248
Fylkeskontakt: Rogaland
Arbeider mest med:
Kommuneplan, stadutvikling og omdømme

**Mona Handeland**

Rådgjevar, Alstahaug
mona.handeland@kdu.no
481 68 284
Fylkeskontakt: Nordland
Arbeider mest med:
Tilflytting og inkludering, kommuneplan og stadutvikling

**Lillian Hatling**

Rådgjevar, Steinkjer
lillian.hatling@kdu.no
481 68 275
Fylkeskontakt: Oppland
Arbeider mest med:
Analysē og samanstilling av kunnskap

**Halvor Hilmersen**

Rådgjevar, Alstahaug
halvor.hilmersen@kdu.no
932 48 441
Arbeider mest med:
Kommunale tenester og utviklingsarbeid

**Idun A. Husabø**

Rådgjevar, Sogndal
idun.husabo@kdu.no
414 69 328
Fylkeskontakt: Telemark
Arbeider mest med:
Kultur og attraktivitet

**Bjørn Richard Jensen**

Rådgjevar, Alstahaug
bjørn-richard.jensen@kdu.no
932 68 568
Fylkeskontakt: Hedmark
Arbeider mest med:
Verdiskapingsprogram, nærings- og arbeidsplassutvikling

**Grete Bækken Mollan**

Kontormedarbeider
grete.mollan@kdu.no
481 68 281

**Anne Irene Myhr**

Rådgjevar, Steinkjer
anne-irene.myhr@kdu.no
481 68 279
Fylkeskontakt: Buskerud
Arbeider mest med: Kommuneplan, stadutvikling og omdømme

**John Kåre Olsen**

Rådgjevar, Alstahaug
john-kare.olsen@kdu.no
481 68 283
Fylkeskontakt: Østfold
Arbeider mest med: Frivillighet, eldsjelpolitikk, lokal samfunnsutvikling

**Stein Magne Os**

Rådgjevar, Sogndal
stein-magne.os@kdu.no
900 89 566
Arbeider mest med:
Kultur og attraktivitet

**Trude Risnes**

Rådgjevar, Sogndal
trude.risnes@kdu.no
481 68 287
Fylkeskontakt: Hordaland
Arbeider mest med:
Bustad og bumiljø

**Inga Marie Skavhaug**

Rådgjevar, Sogndal
inga-marie.skavhaug@kdu.no
957 02 693
Fylkeskontakt: Sogn og Fjordane
Arbeider mest med:
Ungdom, medverknad og nyskaping

**Marianne Solbakken**

Rådgjevar, Steinkjer
marianne.solbakken@kdu.no
481 68 277
Fylkeskontakt: Møre og Romsdal
Arbeider mest med:
Tilflytting og inkludering, Reiseliv og verdiskapingsprogram

**Roar W. Vangsnes**

Rådgjevar, Sogndal
roar.wangsnes@kdu.no
481 68 289
Fylkeskontakt:
Vest-Agder, Aust-Agder
Arbeider mest med:
Reiseliv og verdiskapingsprogram

**Torbjørn Wekre**

Rådgjevar, Steinkjer
torbjorn.wekre@kdu.no
481 68 278
Fylkeskontakt:
Sør-Trøndelag
Arbeider mest med:
Småkommuneprogrammet

**Gunnar Winther**

Rådgjevar, Steinkjer
gunnar.winther@kdu.no
467 81 767
Fylkeskontakt:
Nord-Trøndelag
Arbeider mest med:
Kommuneplanarbeid, stedsutvikling og omdømme

Distriktsenteret sine utgreiingar

Distriktsenteret bestiller forskning om utviklingsarbeid frå FoU-miljø i heile landet.

2013

- Lokalt utviklingsarbeid – en vurdering av resultater og effekter i Rindal og Rauma kommune Trøndelag Forskning og Utvikling.
Sårbarhetsanalysen 2012 Telemarksforskning.
Reiseliv som lokalsamfunnsutvikling Telemarksforskning og Mimir AS.
Tilflyttingsarbeid i norske distriktskommuner Ideas2evidence og NORUT.
Evaluering av omdømmeskolen 2008 og 2010 Oxford Research Ordkraft AS.

2012

- Samarbeid mellom kommuner og frivillig sektor på pleie- og omsorgsfeltet – en kartlegging. Trøndelag Forskning og Utvikling.
Ungdom og lokal samfunnsutvikling – hvordan involveres ungdom på fylkeskommunalt nivå? Norsk institutt for by- og regionforskning.
Suksessrike distriktskommuner – en studie av kjennetegn ved 15 norske distriktskommuner Telemarksforskning, Menon og Sintef teknologi og samfunn.
Derfor blir vi her- innvandrere i Distrikts-Norge Norsk institutt for by- og regionforskning.
Festivalkommuner – samhandling mellom kommuner og festivaler Norsk institutt for by- og regionforskning.
Interkommunalt plansamarbeid Østlandsforskning og Norsk institutt for by- og regionforskning.
Kommunikasjon uavhengig av stad Vestlandsforskning.

2011

- Langtidseffekter av Tettstedsprogrammet og Utkantsatsinga Distriktsenteret i samarbeid med Miljøverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet. Utført av Norsk institutt for by- og regionforskning.
Bidrag til en nordisk studie av Second Homes som ressurs i utviklingsarbeid i distriktsområder Distriktsenteret er koordinator for bidrag fra Norge og samarbeider blant andre med SSB og Østlandsforskning om leveransen.
Regionale aktørar sitt arbeid med bygde- og lokalsamfunnsutvikling på Vestlandet Møreforsking i samarbeid med Ideas2evidence.
Med håp og engasjement. En kunnskapsstatus om utfordringer og strategier i rekruttering av arbeidskraft til distriktskommuner NORUT Tromsø.
Bosettingsvirkninger av regionale traineeordninger Ideas2evidence.
Kommunene sin rolle i reisemålsutvikling Mimir AS.

2010

- Følgeevaluering av Omdømmeskolen 2009 Ordkraft.
Gevinster av høy hastighetsbredbånd Nexia.
Hatten av! En analyse av prosjektlederrollen i lokale samfunnsutviklingsprosjekter Norsk senter for bygdeforskning.
Langtidseffekter av omstillingssprogram Trøndelag Forskning og utvikling i samarbeid med SINTEF og Norsk senter for bygdeforskning.
Brebandsmobilisering og organisering i distrikts-Norge Vestlandsforskning.
Integrering i distriktskommuner Integrerings- og mangfoldsdirektoratet i samarbeid med Distriktsenteret.

2009

- Bygdeturisme og gårdsmat i Norge Norsk senter for bygdeforskning.
Kunnskapsstatus om medvirkning og mobilisering Nordlandsforskning og Høgskulen i Lillehammer.
Kunnskap om omdømmebygging: Ein kunnskapsstudie av utviklingsrelevante bidrag i perioden 1999-2009 Nordlandsforskning og Høgskulen i Lillehammer.
Kunnskap for stadutvikling. Utviklingsrelevante norske bidrag i perioden 1999-2009 Nordlandsforskning og Høgskulen i Lillehammer.
Kunnskapsstatus om tilflytting til småstader og distrikt. Kva tiltak verkar? Nordlandsforskning og Høgskulen i Lillehammer.



Steinkjer - Sogndal - Alstahaug
Tlf 48 16 82 80
Epost: post@kdu.no
www.distriktsenteret.no

facebook.com/distriktsenteret
twitter.com/distriktsenter

Distriktsenterets nettside:

